



HUSTADVIKA KOMMUNE
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Buset, 71 25 85 41

Fråsegn til 2. gongs offentlege ettersyn - detaljregulering Jendemshagen II - Hustadvika kommune - opprettheld og trekkjer motsegner

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Hustadvika kommune har sendt forslag til detaljregulering for Jendemshagen 2 ut på 2. gongs høyring og offentlig ettersyn.

Planen har til føremål å regulere eit bustadområde med einebustader, to- og firemannsbustader og rekkehus med tilhøyrande infrastruktur. Statsforvaltaren reiste i brev den 8. juli 2020 motsegn til planen knytt til tema naturmangfald, samfunnstryggleik og born og unge. I nytt planforslag er det gjort endringar i plassering av bustadfelt, leikeplassar og infrastruktur.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Naturmangfald

Planområdet omfattar naturtypen *gamal lauvblandingsskog med stadvis ravineaktig preg*. Naturtypen utgjer kantvegetasjonen langs vassdraget Storelva, som buktar seg sør for planlagt utbyggingsområde.

I brev den 8. juli 2020 hadde vi motsegn til at kantvegetasjonen langs vassdraget ikkje var sikra i planen og at planen opna for opparbeidingstiltak innafor naturtypen. Vi peika på at planføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag» berre omfatta sjølve elvestrengen, og at føresegna om å oppretthalde naturleg kantvegetasjon derfor ikkje vil kunne vareta vegetasjonsbeltet langs vassdraget. Vi bad om at reguleringsføremålet vart utvida, eller at det vart gjeve ei føresegn til ei eventuell omsynssone «naturmiljø».

Vi kan ikkje sjå at dette kravet er innarbeidd i god nok grad i planforslaget som er sendt på høyring. Føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag» omfattar framleis berre elvestrengen, og føresegna 7.1.2, som har om lag same ordlyden som i førre planforslag, gir derfor framleis ikkje noko meining.

Kantvegetasjonen er regulert som friluftsområde FL2 og FL3, med tilhøyrande føresegn 6.2.2: «Området skal benyttes som tur- og rekreasjonsområde, være leveområde for dyr og planter, samt fungere som buffersone mellom landbruksareal og boligområde. Naturlig vegetasjon skal ivaretas og skjøttes.»

Føresegna opnar for skjønnsmessig felling av tre og fjerning av undervegetasjon både i den naturlege kantvegetasjonen langs vassdraget og i ein viktig naturtype. Denne føresegna er grei nok for delområde FL1 og FL4 som ikkje omfattar kantvegetasjonen eller den registrerte naturtypen. Innafor FL2 og FL3 er opninga om generell skjøtsel av vegetasjonen derimot i strid med vassressurslova § 11 som stiller krav om naturleg kantvegetasjon langs vassdrag.

Vi **opprettheld motsegna** inntil føresegna 6.2.2 er endra, og det er tatt inn krav til varetaking av den naturlege kantvegetasjonen langs vassdraget og i naturtypen innfor FL2 og FL3. For å kunne trekkje motsegna må føresegna om skjøtsel av vegetasjonen innafor FL2 og FL3 takast ut. Vidare kan eksisterande VA-leidning ligge innafor FL2 og FL3, men ved utskifting og legging av nye VA-leidningar og andre tekniske kablar, må desse leggest om og i regulert veg, jamfør VA-skisse i figur 26 i planomtalen. Dette miljøkravet må innarbeidast i planføresegna.

Vi gjer merksam på at fjerning av kantvegetasjon langs vassdrag er søknadspiktig til Statsforvaltaren, og kan berre gjevast i særskilte tilfelle. Ved omlegging av spillvassledinga, må det innhentast løyve etter vassressurslova § 11 før arbeida tar til.

Føresegna 7.2.3 som opna for stiar innafor naturtypen gamal lauvblandingsskog, er tatt ut og vi kan **trekkje motsegna**.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser det er gjort nye vurderingar knytt til flaum- og erosjonsfare for planområdet. Det er gjennomført endringar i plankart og planføresegner. Den oppdaterte planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot avdekka flaum- og erosjonsfare, og Statsforvaltaren kan **trekkje motsegna**, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1, og TEK17 § 7-2.

Barn og unge

Ved første offentlege ettersyn av planen fremja vi motsegn «Inntil nærleikeområda for BK1, BK2, BK3 og B6 er vist i plankartet», slik at alle bustadane vart sikra tilgang til leikeplass i samsvar med kommuneplanen sine reglar (§ 5.6.2 leike-, ute- og opphaldsareal) om avstand mellom nærleikeplass og heim.

I nytt planforslag er det gjort nokre endringar av plassering av leikeplassar og bustadfelta. Det er no regulert inn nærleikeplass innafor område for konsentrerte bustader i BK2 og BK3, og område for frittliggande bustader BF4 (tidlegare B6). Dei to nærleikeplassane LEK3 og LEK4 skal vere felles for bustadane innafor BK2 BK3 og BF4. Vi kan **trekkje** denne delen av motsegna.

Dei tre bustadtomtene innafor BF1 og dei fem austlegaste bustadtomtene innafor BF5 ligg lengre unna leikeplass enn det som er fastsett i kommuneplanen. Vi **opprettheld motsegna** knytt til manglande leikeplass innafor BF5 (tidlegare BK1), som også kan fungere som leikeplass for tomtene innafor BF1 (tidlegare B5).

Konklusjon

I nytt planframlegg er naturfaren avklart og det er tatt tilstrekkeleg omsyn til flaum- og erosjonsfaren, det er regulert inn areal til leikeplass for BK3, BK2 og BF4, og opning for etablering av stiar i naturtypen gamal lauvblandingsskog er tatt ut av planføresegnene. Vi kan **trekkje** desse motsegnspunkta.

Det er framleis ikkje regulert inn leikeplass for bustadane innafør BF5, og planen opnar for inngrep i og hogst/skjøtsel av kantvegetasjonen langs vassdraget. Inntil det er regulert inn leikeplass innafør bustadfeltet BF5 og opninga for ny teknisk infrastruktur og skjøtsel av vegetasjon er tatt ut, **opprettheld vi motsegna** til planen, jamfør plan- og bygningslova § 5-4.

Med helsing

Ulf Lucassen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Astrid Buset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat Region
Vest
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen

Naustdalsvegen 1b

Postboks 2500

Postboks 1010 Nordre

Ål

6800 FØRDE

6404 Molde

2605 LILLEHAMMER